



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
08/01702-6

ARK. F - Fartøy
Bruvik

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
20.05.2016

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Indre Nordhordland dampbåtlag AS
Postboks 203
4299 AVALDSNES

v/ Jarle Rasmussen

LHIZ - M/S Bruvik - vedrørende søknad om status som verna skip

Vi syner til Dykkar søknad av 31.10.2016 om status som verna skip for M/S «Bruvik».

Konklusjon

På bakgrunn av ei samla vurdering av fartyet si historie, alder/epoke, autentisitet, geografiske plassering, vurderer Riksantikvaren at M/S «Bruvik» oppfyller kriteriene som ligg til grunn for statusen som verna skip.

Fartyet kan difor få tildelt status som verna skip dersom eigar forpliktar seg til å følge antikvariske retningslinjer ved restaurering og vedlikehald av fartyet. Dette skjer ved at eigar signerer og returnerer vedlagte akseptskjema, og får vedtak om tildeling av status som verna skip i retur. Riksantikvaren tek atterhald om å kunne tinglyse denne i Skipsregisteret.

Riksantikvaren gjer merksam på at «Bruvik» er omfatta av utførsleforbod etter kulturminnelova § 23, jf. føreskrifta § 2 punkt e). Etter same føreskrift punkt m) kan ein likevel fritt føre farty som fell inn under utførsleforbodet ut av landet for reparasjon i inn til tre år. Riksantikvaren gjer merksam på at denne tida er no ute for «Bruvik» og at fartyet snarast må førast attende til landet.

Frist for aksept av retningslinene vert sett til fire veker etter at dette brevet er motteke.

Riksantikvaren si vurdering av fartøyet

Historisk vurdering

M/S «Bruvik» vart levert frå Glommens Mek. Verkstad til Indre Nordhordland Dampbåtlag (INDL) i 1949 som kombinert last- og passasjerskip for ruta Bergen-Modalen. «Bruvik» var bygd med forsterka skrog med tanke på istilhøva i den indre delen av fartsområdet. I ei tid då andre ruteselskap bygde lette og lyse sjøbussar valde INDL å kontrahere eit meir ordinært og solid skip tilrettelagt for etter måten mykje last, føring av dyr og elles tilrettelagt for dei særlege

krava i dette ruteområdet. På same vis som D/S «Oster» sette omsynet til dei grunne tersklane og tronge farvatnet ved innløpet til Mofjorden særlege krav til utforminga av skroget.

Ved samanslåinga av INDL og Bergen Nordhordland Trafikklag (BNT) til Bergen Nordhordland Rutelag (BNR) i 1974 vart «Bruvik» med inn i BNR. Sjølv om skorsteinen no vart malt om frå svart til gul fekk «Bruvik» behalde INDL sine to kvite ringar. Atterhald om dette inngjekk i avtalen om samanslåing av INDL og BNT.

Etter nedlegginga av ruta Bergen-Mo i 1976 vart «Bruvik» sett inn i arbeidsruta Knarvik-Frekhaug-Bergen. Det var som å setje ein maratonløpar inn på ein sprintdistanse, og i 1979 vart skipet seld til Finland for turistfart på dei finske sjøane.

I Finland gjekk maskina tom for olje og skar seg. Den vart erstatta av to mindre maskiner med kilereimar til akslingen. Det vart også gjort endringar i innreiinga, der skott vart demonterte for å utvide salongen på hovuddekket. Det vart samstundes bytta glas i salongen.

«Bruvik» vart kjøpt heim frå Finland i 1994 for turistfart kring Osterøy og fekk etter søknad tildelt vernestatus i 2004. Maskinene frå Finland vart bytt mot ein Callesen av same dimensjon som den originale Atlas Polar då det ikkje synte seg mogleg å få tak i ein maskin av rett type og storleik. Resten av skipet vart berre sett i stand i påvente av restaurering.

I samband med sal av skipet i 2010 fall statusen bort. Etter lengre tids opplag er «Bruvik» no under restaurering, i første omgang teknisk og strukturelt, men med langsiktig mål om å framstå som i tida skipet gjekk i rute for INDL.

«Bruvik» representerer eit supplement til den verna etterkrigsflåten ved å representere ei anna utforming og ved å vere tilrettelagt for andre behov enn den meir vanlege sjøbuss-typen.

Tekniske tilstand og autentisitet

Konstruksjonen i skrog og overbygg er i all hovudsak intakt som den var ved leveringa i 1949. Sentrale innreiingsdetaljar som dører, trapper, innkledde søyler mm er framleis om bord. Innreiinga ellers er ein del endra, men med utgangspunkt i element om bord og tilgjengelege kjelder bør det vere mogleg å rekonstruere det som i dag manglar. Det finst eit omfattande historisk fotomateriale, og også ei rad gode interiørfoto tekne av fotografen Helge Sunde. Riksantikvaren meiner difor at den samla kjeldesituasjonen er tilfredsstillande. «Bruvik» er også nytta som kjelde for restaureringa av M/S «Hvaler», som fekk nytt maskinskylight frå Glommen Mek. Verkstad om lag samstundes som dei bygde «Bruvik».

«Bruvik» er no i dokk, der det vert utført eit større arbeid på skroget, og det vert no sett inn att glas i skutesidene på hovuddekket av original utforming. Eigar har oppretta kontakt med Riksantikvaren for rådgjeving i samband med arbeidet og har retta seg etter Riksantikvaren sine innspel. «Bruvik» framstår no som strukturmessig intakt og i god teknisk stand.

Vilkår for status som verna skip

Vurdering kring vern av farty

Riksantikvaren vurderer tildeling av status som verna skip på bakgrunn av ei samanlikning av følgjande tilhøve. Fartyet eller fartytypen si historiske rolle, alder, byggjeteknikk, fartyet sin autentisitet, bruk, geografiske tilknytning, teknisk tilstand, kor mange som finst att av typen, eigartilhøve, realismen i prosjektet, organisering og gjennomføringsevne.

Antikvariske retningslinjer

Eigar må forplikte seg til å følgje antikvariske retningslinjer, både når det gjeld vedlikehald/konservering og i samband med eventuelle istandsettingsarbeid. Drift og vedlikehald av fartyet skal ha som overordna mål å sikre fartyet som eit varig kulturminne. Konserveringstiltak, vedlikehald og istandsettingsarbeid skal skje etter prinsipp som klårt tek vare på fartyet sine historiske kvalitetar, slik som det var i ein nærare dokumentert epoke. Vi syner elles til vedlagde informasjon om antikvariske retningslinjer i fartyvernet.

Verneplan

Tildelt status som «verna skip» vert oppretthalde når dei historiske verdiane som ligg til grunn for denne statusen vert ivaretekne. Dette får konsekvensar i form av antikvariske krav til fartyet si utrustning, eksteriør, interiør, materialval, handverksmessige løysningar osv. Eigar *skal* difor utarbeide ein verneplan for fartøyet. Ein slik plan skal innehalde eit framlegg til kva for periode/år i fartyet si historie som skal danne utgangspunkt for vernearbeidet. Det må ikkje gjerast fysiske endringar, korkje i interiør eller eksteriør, før ein slik verneplan er godkjend av Riksantikvaren.

Tildeling av status

Når Riksantikvaren har motteke signert versjon av vedlagde akseptskjema vert den formelle tildelinga av status som verna skip sendt til eigar i form av eit vedtak.

Avgjerla om tildeling av status som verna skip er gjort under utøving av offentleg mynde, og gjeld rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar. Den er difor å rekne som eit einskildvedtak, jf. Forvaltingslova § 2 første ledd bokstav a). Sjøfartsdirektoratet og den aktuelle fylkeskommunen vil få kopi av brevet med tildeling av status som verna skip.

Farty med status som verna skip har rett til å søkje om tilskot frå Statsbudsjettet kapittel 1429 post 74 fartyvern. Meir informasjon om søknadsfrist og krav til søknaden finst på Riksantikvaren si heimeside, www.ra.no.

Skifte av eigar eller heimehamn

Dersom fartyet skifter eigar eller heimehamn skal det sendast ei melding til Riksantikvaren om dette. Ein eventuell ny eigar må signere eit nytt akseptskjema dersom han ynskjer at statusen vert oppretthalden.

Vi ser fram til vidare samarbeid, og De er velkomen til å ta kontakt dersom det er spørsmål eller om noko er uklårt.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
seksjonssjef

Erik Småland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- Aksept av vilkår for status som verna skip
- Faktaark om antikvariske retningsliner i fartyvernet

Kopi til: Sjøfartsdirektoratet, Postboks 2222, 5509 HAUGESUND/ Hordaland
fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN